

Årsrapport frå FAU ved Valderøy barneskule

Skuleåret 2025–2026

Styret 2025–2026:

Leiar: Bjarthe Tomren (2024–2026)

Nestleiar: Yvonne Ytterland Magnussen(2025–2027)

Kasserar: Sunniva Aasen (2025–2027)

Skrivar: Silje Mari Listein (2024–2026)

FAU ved Valderøy barneskule har i løpet av skuleåret 2025–2026 hatt jamleg møteverksemd og behandla ei rekkje saker knytt til trivsel, tryggleik og utvikling ved skulen. Arbeidet har vore prega av eit godt samarbeid mellom FAU, skuleleiinga og føresette, og det har vore stort engasjement i fleire av sakene som har vore oppe.

Gjennom året har FAU hatt fokus på å styrkje samarbeidet mellom heim og skule, og å bidra til eit inkluderande og trygt læringsmiljø for alle elevar.

Elekveld og haustfest

Hautfesten vart arrangert hausten 2025 for 1.–4. trinn, og samla om lag 220 deltakarar. Arrangementet vart opplevd som svært vellukka, med god stemning og stor deltaking frå både elevar og føresette. Erfaringane frå gjennomføringa viser at god planlegging og tilstrekkeleg med frivillige er avgjerande for å sikre flyt og redusere kø ved aktivitetane.

Elekveldane har også vore eit viktig tiltak dette året. Elekveldane hadde godt oppmøte, god stemning og rikeleg med vakter, noko som bidrog til eit trygt og sosialt arrangement for elevane. FAU vurderer dette som eit svært positivt tiltak som bør vidareførast.

Trafikkvakter og trafikktryggleik

FAU har vidareført ordninga med trafikkvakter gjennom vinterhalvåret. Erfaringane viser at oppmøtet er godt i starten, men at deltakinga går noko ned utover vinteren, og at det ofte er dei same foreldra som stiller.

Sjølv om ordninga fungerer i det store biletet, ser FAU behov for å arbeide vidare med å styrkje engasjementet og sikre ei jamnare fordeling av ansvaret mellom klassene.

Foreldresamarbeid og foreldrenettverk

Eit viktig satsingsområde dette året har vore å styrkje foreldresamarbeidet. Det er gjennomført foreldrestyrte foreldremøte i fleire klassar, og erfaringane viser at desse møta gir gode samtalar og bidreg til å bygge relasjonar mellom føresette. Samtidig er det varierende oppmøte, og FAU har difor hatt fokus på å vidareutvikle desse møta, både når det gjeld innhald og organisering. Det er også oppmoda til å etablere foreldrenettverk i klassene, slik at samarbeidet mellom føresette ikkje berre skjer på møte, men også i kvardagen.

Inkludering har vore eit gjennomgåande tema, både i møte med skulen og i arbeidet i FAU. Det er løfta fram kor viktig det er at føresette bidreg aktivt til å inkludere alle elevar og familiar, og at ein arbeider tidleg for å førebyggje utanforskap.

Samarbeid med skulen

FAU har hatt eit godt samarbeid med skuleleiinga gjennom året, og har fått jamleg informasjon om utviklingsarbeid ved skulen.

Det har mellom anna vore arbeidd med ny leseplan og styrking av leseferdigheiter, som eit svar på nasjonale prøver og behov for betre lesekompetanse hos elevane. Skulen har også hatt fokus på skulebiblioteket og tiltak for å auke leselyst.

FAU har løfta fleire saker i dialog med skulen, mellom anna knytt til skjermbruk, behov for fleire fysiske læremiddel og tilrettelegging for elevar med lese- og skrivevanskar.

Det har også vore fokus på inkludering av nye elevar og familiar, og behov for tydelege rutinar for oppfølging og informasjonsdeling.

Uteområde

Uteområdet ved skulen har vore tema gjennom heile året. Det er peika på behov for både vedlikehald og vidare utvikling, mellom anna knytt til leikeapparat, tryggleik og trivsel.

FAU har drøfta korleis ein kan bidra, samtidig som ein må ta omsyn til at området er kommunalt ansvar. Det er også sett på moglegheiter for å involvere elevar og føresette i enklare vedlikehaldsoppgåver.

Det er søkt og innvilga midlar til oppføring av zip-line på skuleområdet. Mottekne midlar står på eigen prosjektkonto.

17. mai 2025

Arbeidet med 17. mai-feiringa har vore omfattande og godt organisert. Komiteen har arbeidd strukturert med tydeleg ansvarsfordeling og god framdrift, og det er utvikla dokument og planar som vil vere nyttige for framtidige komitear.

Erfaringane frå evalueringa viser at god planlegging, tydeleg kommunikasjon og brei involvering av foreldre er avgjerande for eit vellukka arrangement. Det er særleg peika på behov for betre struktur i ryddinga etter arrangementet, samt tydelegare ansvar i dei ulike fasane av gjennomføringa.

Andre saker

FAU har gjennom året arbeidd med fleire andre saker, mellom anna knytt til bussruter, leksehjelp, SFO-tilbod og digitale løysingar i skulen.

Det har også vore fokus på elevmiljø, inkludering og tiltak for elevar med særskilde behov, samt vurdering av moglegheita for å bli ein dysleksivennleg skule.

Vurdering av året

FAU vurderer skuleåret som aktivt og innhaldsrikt, med stort engasjement frå mange føresette. Det er gjennomført fleire gode tiltak som har bidrege til trivsel og fellesskap for elevane.

Samtidig ser ein behov for å arbeide vidare med å sikre jamn deltaking frå føresette, tydeleg ansvarsfordeling i større arrangement og vidare utvikling av foreldresamarbeidet.

FAU vil takke alle føresette, FAU-representantar og skuleleiinga for samarbeidet gjennom året. Den samla innsatsen frå heim og skule er avgjerande for å skape eit trygt og inkluderande skulemiljø for elevane ved Valderøy barneskule.

Valderøy 03.06.2026

FAU-leiar, Bjarte Tomren